

# Her beitar kyr



**Dei fleste mjølkekyr i Noreg er av ein eigen norsk kurase, Norsk Rødt Fe, som eigner seg til både mjølke- og kjøttproduksjon.**

Frå ei ku får ein i snitt 25 liter mjølk per dag. Dei fleste kyr får ein kalv i året. Ein jentekalv blir kalla kvige, medan gutekaven blir kalla oksekalv. Kviga blir para når ho er eit år gamal og går drektig i ni månadar. Når kalven har vokse seg stor blir den slakta. Frå ein får ei kvige, parer den, får ein kalv og fram til kalven er stor nok til å bli slakta og ein kan ete kjøttet, går det tre år.

I minst tre månadar om sommaren går dyra ute og et i hovudsak friskt gras. Ei ku som mjølkar et om lag 50 kilo fôr og drikk 50-60 liter vatn kvar dag. Kua fordøyer maten gjennom fire magar. Magane blir kalla vomma, nettmage, bladmage og løpen. Det er løpen som er hovudmagen, og er det ein mage som ein kan samanlikne med vår, så er det denne. Dei tre andre magane, eller formagane, er tilpassa gras, slik at kua kan utnytte dette.

**NORGES  
BONDELAG**